



Innkommen sak 1 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Utgifter til styrekurs

Styret ber årsmøtet om bruk av midlar til å gjennomføre styrekurs.

Estimert kostnad 60.000 kr

Kostnaden er tatt med i budsjettet for 2026

Forslag til vedtak: Styret anbefalar at årsmøtet godkjenne innstillinga.





Innkommen sak 2 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Støtte til SOS barnebyer

Fagforbundet Årdal har i fleire år støtta barnebyen til Fagforbundet med 300kr pr mnd = 3600kr pr år.

Summen er innarbeida i budsjettet for 2026

Forslag til vedtak:

Styret anbefaler årsmøtet å godkjenne innstillinga





Innkommen sak 3 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Kaffikanne til arbeidsplassane

Fagforbundet Årdal har eit ynskje om å kjøpe inn kaffikanner til einingane for å profilere oss.

Vi hadde eit ynskje om å gjere dette i 2025 men vi såg at midlane vi hadde til disposisjon ikkje stakk til. Det blei då fatta eit styrevedtak på at det skulle avgjerast av årsmøtet om vi skulle bruke midlar på det.

Pris er estimert til ca 28 000 kr.

Vi har rundt 40 einingar vi har medlemmar på.

Summen er innarbeida i budsjettet.

Forslag til vedtak:

Styret anbefaler årsmøtet å gå for innstillinga.





Innkommen sak 4 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Bruk av frikjøpsmidlar

Fagforbundet Årdal har hatt utfordring med å frikjøpe styremedlemmar.

Vi ber derfor årsmøtet om godkjenning til moglegheita for å kunne lønne medlemmar av styret for enkelte aktivitetar i staden for frikjøp.

Lønn 200kr pr time evt anna honorar utover dei faste honorara.

Dette vil bli brukt av frikjøpsmidlane vi får dekkja.

Forslag til vedtak:

Styret anbefaler årsmøtet å gå for innstillinga





Innkommen sak 5 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Bruk av oppsparte midlar

Styret ber årsmøtet om å bruke 100.000 kr av oppsparte midlar for ekstra medlemspleie og utgifter til kurs/opplæring

Henholdsvis budsjettert med 50.000 kr på medlemspleie og 50.000 på kurs/opplæring.

Vi har eit stort etterslep på opplæring av tillitsvalte etter korona. Mykje av desse kostnadane har no landa på lokal fagforeining.

Styret ber og årsmøtet om at årets underskudd blir dekket av oppsparte midlar. Mykje av overforbruket i år gjekk på at vi fekk eit årsmøtevedtak på å kjøpe fane. Fana var ikkje godt nok budsjettert i budsjettet for 2025.

Forslag til vedtak:

Styret anbefaler at årsmøtet godkjenner innstillinga.





Innkommen sak 6 til årsmøtet:

Innsendt av styret

Dekking av reiseutgifter for medlemmar som deltar i faglege kurs i regi av Fagforbundet

Styret ber årsmøtet vurder om Fagforbundet Årdal skal bidra med å dekke reiseutgifte for medlemmar som ynskjer å delta på yrkesfaglegetilbod som blir lagt opp til av bla Fagforbundet Vestland.

Det er ein forutsetning at reisa må vere avklara med styret i forkant og ein må reise på billigaste måte/ fylle opp bilar.

Det vil evt framgå av innkallinga om ein kan få dekkja utgiftene.

Forslag til vedtak:

Styret anbefaler at årsmøtet godkjenner innstillinga

